

Preike i Ris visitasgudsteneste 24/11-2019

Siste søndag i kirkeåret; preiketekst Joh 9, 39-41

Kjære godtfolk, det har vore fint å vere saman med dykk i denne uka, møte ulike arbeidslag i kyrkja og gå i hølje-regnet i skogen med speidarane, ta i handa og dele tru og liv på Vindern bo- og servicesenter, møte barnehagebarn og skoleelevar og også snakke om dagens bibeltekstar med Tirsdagssamlinga.

For meg har det handla mykje om å sjå og å høyre, og også om å lære av møta med alle dei ulike menneska eg har møtt her.

Det var spennande å snakke om dei tekstane som er valt ut for denne søndagen. For dei er jo ikkje heilt lett å bli kloke på ved første møte. Kva gjer vi då, når vi ikkje heilt forstår kva vi les? Vi les ein gong til og snakkar med andre, og dessutan: Vi les det heile i samanheng med det som kjem før og etter.

I preiketeksten frå avslutninga på det niande kapittelet i Johannes-evangeliet, snakkar Jesus om å *sjå*, om å *ikkje sjå*, og om *dom*.

Men kven er det han snakkar til, og kva er det som står på spel. La oss bla litt tilbake. Vi treng rett og slett å få med oss ein større samanheng, for å skjønne kva som står på spel i og rundt Jesus:

Kapitlet føre, fortel ei historie dei fleste av oss kjenner: Ei kvinne held på å bli steina til døde. Jesus kjem ho til unnsetning.

Han ber dei som er utan skuld, kaste den første steinen.

Mens Jesus skriv på bakken, går den eine etter den andre bort.

Då dei til sist er aleine, seier Jesus: «Heller ikkje eg dømmer deg. Gå og synd ikkje meir».

Men historia sluttar ikkje der.

Jesus må forsvare seg mot nye anklagar, han unngår så vidt å bli steina sjølv! Det neste kapitlet er ei einaste lang forteljing om kva som skjedde då Jesus gjorde ein blindfødt sjåande, på tempelplassen, på sabbaten, den blindfødde blir etterkvart kasta ut av fellesskapet og Jesus gir han rom i venneflokket sin.

Det er tydeleg at dette er opptakten til det som skal skje i påska, skyldingane mot Jesus for lovbrøt og uanstendig oppførsel florerer. Han må forsvare seg mot dei som trur at mannen var blind på grunn av synd, mot skuldingar om å gjere godt på heilagdagen og mot måten det skjedde på.

39 Då sa Jesus: «Til dom er eg komen til denne verda, så dei som ikkje ser, skal sjå, og dei som ser, skal bli blinde.»

Til dom er eg komen til denne verda: gresk krise, prøvelse, avgjørsle, dom. Eit ord frå rettssalen. Dom. Anklage. Med forsvararar. Vitne. Dom. Rett. Rettferd.

«Korleis landar dette ordet DOM hos meg, – hos deg?» Nokre av dykk på Tirsdagssamlinga sa at - *det landar tungt: Frå barndomen er dette eit tungt ord. Eg tenkjer på andres dom, sa ein av dykk.*

Dom som enten – eller.

Dom: Vi blir stilt til ansvar! Dommen rammar oss alle.

Eg veit det er mange som har blitt skremt av førestillingar om dommen, som har høyrte om evig fordøming og som har tatt skade av det. Dei har blitt Guds brente barn. Hugsar de Enok Hove, hovudpersonen i romanen «Fred» av Arne Garborg? Han gjekk til grunne, plaga av angst for domen og for å bli fordømt.

39 Då sa Jesus: «Til dom er eg komen til denne verda, så dei som ikkje ser, skal sjå, og dei som ser, skal bli blinde.» 40 Nokre av farisearane som stod der, høyrde dette og sa til han: «Kanskje vi òg er blinde?»

Kven er det Jesus snakkar til og kva er det som står på spel?

Nokre av dei han snakkar til er namngitt som «farisearar», andre gonger er det snakk om «jødane». Her er det viktig for oss no i 2019 å vite at Johannesevangeliet har blitt lest og ført til forfølgjelse og utestenging oppover i historia. Det er viktig at vi veit kva den kristne kyrkja har bidratt til av anti-jødiske haldningar gjennom historia.

De vil merke når de les Johannesevangeliet at «farisearar» og «jødane» oftast er framstilt som skurkar, med unnatak av Jesus og disiplane hans, Nikodemus og nokre andre unnatak.

Førre søndag markerte vi *Volkstrauertag* med den tyske menigheita i byen og vi veit av nyheitene frå synagogeangrep i Halle og frå vitnemål her i Norge, at anti-semittismen ikkje er død enno.

Nokon blir stengt ut frå fellesskapet og får høyre skjellsord og fordømingar, på skoleplassen, ved idrettsarrangement: «Jøde», «homo», «hore» er blant dei mest brukte skjellsorda i Norge i dag.

Nokre av farisearane som stod der, hørde dette og sa til han:

«Kanskje vi òg er blinde?» 41 Jesus svara: «Var de blinde, hadde de inga synd. Men no seier de 'Vi ser!' Difor blir synda dykkar ståande.»

Er det **vi** som er farisearane? Er vi dei som ser. Kva er det vi ser? Og kva er det vi vel å lukka augo for, å ikkje sjå?

...

Ei forsvarslaus kvinne som var dømt og fordømt. Jesus ber den som er utan skuld, kaste den første steinen. Då dei til sist er aleine, seier Jesus: «Heller ikkje eg dømmer deg».

Gå og synd ikkje meir».

Same kva, meininga var tydleg, som han formulerte det med ord i bergpreika: «Døm ikkje, så de ikkje sjølve skal bli dømde!»

Og det er dette han vender tilbake til i evangeliet i dag. Og det er noko her som gir grunn til håp, særleg for dei av oss som slit med livet.

For vi fins her , vi også.

Den som dømmer er Jesus:

Han er den som makter og myndigheiter er underlagt, **og dei han skal dømme på vegne av** - på denne domsdagen -

Det er dei utstøtte og nedtrampa, dei utan stemme.

DOM – er frå juridisk språkbruk: Men

vitna og meddommarane er henta frå fengsel, dei undertrykte, dei sjuke, dei som lever i bakgatene.

«Å døm oss Herre, frikjenn oss i domen!»

Det er Jesus, den same Jesus vi møter i evangelia, som er kongen i æva , som vi skal syngje snart. Domen kan vere godt nytt: Heller ikkje eg fordømer deg!

Alt skal bli underlagt Jesus, skriv Paulus, og Gud skal bli alt i alle.

Vi må berre gjenta det Jesus seier: Fordøm ikkje! Men ord er ikkje nok: Vi må også inkludere og ikkje stenge andre ute, vise i praksis at Gud *ikkje* gjer forskjell på folk. Heldigvis er det Jesus som skal dømme.

Ikkje vi,

vi skal heller ikkje fordømme.

Det er eit stort alvor her, noko å bli utfordra av: «Å døm oss Herre, frikjenn oss i domen.»

Når vi er redde og ser mørkt på framtida (og kven gjer vel ikkje det til tider?) har eg (for min del) oppdaga at det hjelper å be.

Og å gjere noko saman, som å dele brød og vin, helse kvarandre med fredsteikn. Og framfor alt, også å synge saman. Det er mange av oss som har merka at vi sjeldan kjenner så sterkt med heile oss at vi trur og håpar, som når vi syng salmar. I trass syng vi «Deilig er jorden» No syng vi dei gamle irske orda om at auge og hjarte skal sjå Gud, kongen i æva, som trua og håpet vårt er festa til.

Ære vere Skaparen, Frigjeraren og Livgivaren, ein sann gud frå æve til æve. Amen